

2016

KONTRAKTSVILKÅR – ETISKE KRAV

Våre Leverandørar og Avtalepartnarar skal respektere grunnleggjande krav til menneskerettar, arbeidstakarrettar og miljø. Varer som blir leverte til (namn på oppdragsgivar) skal vere framstilt under forhold som er i samsvar med krava oppgitt nedanfor. Krava byggjer på sentrale FN-konvensjonar, ILO-konvensjonar og nasjonal arbeidslovgiving på produksjonsstaden. Med heimel i FN sine rettleiande prinsipp for næringsliv og menneskerettar (UN GP) har selskap eit sjølvstendig ansvar for å respektere dei internasjonalt anerkjente menneskerettane og ILO sine kjernekonvensjonar (prinsipp 12). Dette gjeld også for offentlege verksemdar i anskaffingane deira (prinsipp 6)¹.

Dersom Leverandør bruker underleverandørar for å oppfylle denne kontrakten, er Leverandør forplikta til å vidareføre og bidra til etterleving av krava i leverandørkjeda.

(1) Forbod mot barnarbeid (ILO sine kjernekonvensjonar 138 og 182)

- Barn under 15 år (14 eller 16 år i enkelte land) skal ikkje utføre nokon typar arbeid som er til hindring eller skade for utdanninga og/eller utviklinga deira.
- Barn under 18 år skal ikkje arbeide nattskift, eller utføre nokon typar arbeid som vil setje sikkerheita eller den fysiske og/eller mentale helsa deira i fare.
- Barn har rett til å bli beskytta mot økonomisk utnytting i arbeid.

(2) Forbod mot tvangsarbeid (ILO sine kjernekonvensjonar 29 og 105)

- Tvangsarbeid eller ufrivillig arbeid skal ikkje skje i noka form, her medrekna også som eit middel for opplæring, straff eller for å fremje arbeidsdisiplin.
- Arbeidstakarar skal ikkje måtte levere depositum eller identifikasjonspapir til arbeidsgivar.
- Arbeidstakarar er frie til å avslutte arbeidsforholdet etter ei rimeleg oppseiingstid.

(3) Forbod mot diskriminering (ILO sine kjernekonvensjonar 100 og 111)

- Arbeidstakarar skal ikkje forskjellsbehandlast på grunnlag av kjønn, rase, hudfarge, religion, politisk oppfatning, nasjonalt opphav, sosial status, fagforeiningsarbeid eller personlege forhold i arbeidssituasjonar eller i tilgang til arbeid.
- Lønna skal vere lik for likt arbeid.

(4) Forbod mot manglande respekt for fagorganisering og kollektive forhandlingar (ILO sine kjernekonvensjonar 87 og 98)

- Arbeidstakarar og arbeidsgivarar har rett til å danne, eller slutte seg til dei organisasjonane dei sjølv måtte ønskje, og til å drive kollektive forhandlingar og dele innhaldet.
- All aktivitet relatert til denne organiseringa skal skje heilt utan represaliar eller andre former for forulemping for deltakarane.
- Arbeidsgivar må på ingen måte hindre arenaer for møte og kollektive forhandlingar.
- Der organisasjonsfridom og retten til kollektive lønnsforhandlingar er avgrensa ved nasjonal lov, skal arbeidsgivar leggje til rette for, og ikkje hindre, parallelle mekanismar til fri og uavhengig organisering og forhandling.

¹Aktsemdsvurdering med omsyn til menneskerettar (Human Rights Due Diligence) er ein anerkjent og anbefalt metode for fremje slike rettar, <http://www.responsiblebusiness.no/>

2016

(5) Leverandøren pliktar å sjå til at produksjon av ytingar regulert til denne kontrakten skjer i samsvar med den nasjonale lovgivinga i produksjonslanda:

Nasjonale lovgiving der produksjon finn stad, skal etterlevast. Av særleg relevante forhold framhevar vi 1) lønns- og arbeidstidsreglar; 2) helse, miljø og sikkerheit; 3) regulære tilsetjingsforhold, inklusive arbeidskontraktar; og 4) lovfesta forsikringar og sosiale ordningar.

(6) OPPFØLGING

Leverandøren er forplikta til å etterleve punkt 1 – 5 i eiga verksemd og i leverandørkjeda. Dette skal dokumenterast ved:

- Eigenrapportering² og/eller
- Oppfølgingssamtalar og /eller
- Kontroll av arbeidsforholda³

Brot på punkt 1 - 5 inneber kontraktsbrot. Ved kontraktsbrot pliktar Leverandøren å rette brota innan den tidsfristen som Oppdragsgivar bestemmer, så fremt denne ikkje er usakleg kort. Rettingane skal dokumenterast skriftleg og på den måten Oppdragsgivar bestemmer. Vesentleg misleghald av kontraktsforpliktingane kan hevdast av Oppdragsgivar som grunnlag for heving sjølv om Leverandør rettar forholda. Dersom brot skjer i leverandørkjeda, kan Oppdragsgivar krevje at Leverandøren skiftar ut underleverandør(ar). Dette skal skje utan kostnad for Oppdragsgivar.

Dersom Leverandøren blir klar over forhold i strid med kontraktsvilkåra, skal Leverandøren rapportere dette til Oppdragsgivar utan ugrunna opphald.

Det blir stadfesta at Leverandøren har lese og forstått kontraktsvilkåra, som gjeld for denne kontrakten. Dersom oppdragsgivar krev eigenrapportering er Leverandør forplikta til å innlevere denne innan fire veker frå utsending.

.....
.....
Namn, dagleg leiar, [Leverandør]

Stad/Dato

.....
.....
Underskrift, dagleg leiar, [Leverandør]

²På oppmoding frå oppdragsgivar er leverandør forplikta til å fylle ut eigenrapporteringsskjema. I tillegg kan Leverandør leggje ved rapport frå uavhengig revisjon utført dei siste 12 månadene.

³Oppdragsgivar, eller den oppdragsgivar gir mynde til, har rett til å gjennomføre kontrollar i leverandørkjeda i kontraktsperioden. Ved kontroll plikter leverandør å framskaffe nødvendige kontaktopplysningar. Kontaktopplysningar blir behandla konfidensielt.